

Oversikt stiar

Kommentarar:

ID nr XXX	Representerer ei rute på kartet. Bruk kartblad for å finne rutene på kart.
Rutenummer:	Gir informasjon om geografisk sted + ID nummer for stien.
Hovedtrasé:	Dei mest nytta stiane eller som følger naturlege område for tur.
Forgreiningstrasé:	Stiar som binder saman hovudstiane.
Matetrasé:	Stiar som går ut til enkelte turmål, til døme utsiktspunkt.
Skriftelege grunneigaravtaler:	I tabellen er omtrent alle satt til status «Nei». Status oppdaterast når avtalene kjem inn, enten om dei allereie er eksisterande eller skal etablerast.
Farge:	Vanskeleggrad på turen. Frå oransje (universal), grøn (enkel), blå (medium), raud (krevjande), til svart (svært krevjande).
Beskriving:	Forklarer litt om stien, parkering og anna informasjon.
Viktig presisering:	Dette er meint som ein oversikt over innspelte stiar så langt i planarbeidet. <u>Alle stiane skal ikkje merkast eller skiltast, eller andre tiltak.</u>

ID	Rute numm er	Namn	Type trasé	Brukstype	Skilt et	Merket	Skriftleg grunneigaravt ale	Farge	Beskriving
Naddvik/Vikadalen									
001	Na 001	Kvitingsagi – Kvitingsmorki	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Nei	Nei	Raud	Skilta sti frå parkering langs med fylkesvegen. God sti inn i naturreservatet og inn til støylen. Ruta skal ikkje merkast pga reservatet.
002	Na 002	Vikadalen – Øvre Halsen	Hovedtrasé	Fottur	Nei*	Nei	Nei	Raud	Frå parkering ute ved fylkesvegen innover Vikadalen. Bratt opp mot Øvre halsen, til dels sherpatrapper i nokre parti. Svært bratt i toppen. *Stien er skilta med eldre skilt og

									stadnamn, men ikkje etter nasjonal standard.
003	Na 003	Øvre Halsen – Smørehola	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Svart	Synleg sti i terrenget. Stien går vidare inn til Smørehola.
004	Na 004	Diverse nærmiljøstiar i Naddvik.	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	Diverse moglegheita for turar i nærmiljøet i Naddvik-området. Ikkje tilrettelagt. Diskusjon med grunneigarane i området om denne skal vere med vidare i planen.
005	Na 005	Drognekleivholten	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	God sti mot Drognekleivholten. Noko vanskeleg å finne stistart frå Vikadalen. Noko rasutsett frå Smørkleiv.

006	Na 006	Drognekleivholten – Munkegrov	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	God sti vidare frå Drognekleivholten.
007	Na 007	Munkegrov – Liastølen	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Svart	God sti inn til Liastølen frå Munkegrov.
008	Na 008	Fremre Årøydalen	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Delvis	Nei	Raud	Delvis merka sti innover Årøydalen. Start frå fylkesvegen før ein passerer stølen Heimre Årøydalen. Turen ender ved Fremre Årøydalen.
009	Na 009	Bogaviki – Nosabøen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	Parkering i Bogaviki langs med fylkesvegen. Skilta herfra langs med vegen. Bratt og til dels rasutsett fyrste del av turen. Godt merka.

									Det henger ein vaier på eit parti før det flater ut og er enklare å gå mot Nosabøen. Nosabøen er skilta.
010	Na 010	Nosabøen – Årdalsnosi	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Delvis	Nei	Svart	Til dels synleg tråkk oppover mot Årdalsnosi. Stien forsvinner noko eit stykke opp, men dukker sporadisk opp. Det er eit solid raudt merke på ein stor stein midt i bakken, elles er det ingen merking. Over tregrensa er det gode tråkk opp til varden.
Årdalstangen									
011	ÅT 011	Vasstanken – Finnsåsen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering ved vasstanken på Tippen, alternativt

									nede i Vassbugen. God sti heile vegen men nokre bratte parti. Kjetting enkelte plasser.
012	ÅT 012	Finnsåsen – Middagshaugen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Svart	Frå Finnsåsen er det god sti heile vegen opp mot Middagshaugen. Det er enkelte bratte parti.
013	ÅT 013	Vasstanken – Lauvnes	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Grøn	Parkering ved vasstanken på Tippen, alternativt i Vassbugen. God sti som er merka og skilta.
014	ÅT 014	Tangen på kanten	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Grøn/bl å	Fleire variantar til ein rundtur rundt sentrumsområdet på Årdalstangen. Ruta på kartet er den

									lengste, men det er fleire variantar.
015	ÅT 015	Sentrum – Loi	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Grøn	Parkering i sentrum, Vassbugen eller ved turistlomme ved tunnelen. Bred sti men ikkje bred nok til å vere universalt utforma. Det er planlagt lyssetting av stien. Stien stopper ved gjerde mot den gamle tunnelen.
016	ÅT 016	Loi – Labergknubben	Matetrasé	Fottur	Nei	Ja	Nei	Blå	Parkering ved busslomme utanfor tunnelen. God sti heile vegen. Stien er også merka. Det er ikkje skilta opp hit.
017	ÅT 017	Lindviki	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering ved Hydrovegen. God sti heile vegen. Ved

									elveløpa er det rasutsatt spesielt om våren eller ved større nedbørsmengder. Bru i god stand over elva.
018	ÅT 018	Lindviki – Hiatnes	Matetrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Avstikker frå Lindviki mot steinen på neset. God sti med noko ur på enkelte parti.
019	ÅT 019	Lindviki – Skaret	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Svart	Frå Lindviki er det bratt oppover skogen mot Skaret. Stien vart nymarka og rydda i 2023. Over tregrensa er stien noko dårlegare. Alternativ vidare er Skorsfjellet (nr 040) eller Gjerdenosi (nr 41)
020	ÅT 020	Saltviki – Hestehagan – Nedre Dokki	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	Parkering ved stistart utanfor

									Seimsdalstunnelen. God sti, men bratt i fleire parti. Stien er godt merka heile vegen til Nedre Dokki.
021	ÅT 021	Nedre Dokki – Gjerdnosi	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Delvis	Nei	Svart	Frå Nedre Dokki er det vedvarande bratt opp til snaufjellet. Det er merka opp hit. Vidare er det sporadiske stiar, mest etter beitedyr. Det er ingen skilt eller merking vidare mot Gjerdnosi.
022	ÅT 022	Steiggjende – Meiseste	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	Parkering utanfor tunellen på ei noko trong lomme. Det er bratt oppover. Siste delen mot Meisete er mykje brukt.

									Varierende tilbakemelding på kvaliteten på stien.
023	ÅT 023	Eldegarden – Løst	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering på Eldegarden. Skilta og merka. Svært populært turområdet. Kan også gå direkte mot Onsete.
024	ÅT 024	Løst - Onsete – Kvernli	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	Frå Løst og vidare mot Onsete og Kvernli. Merka og skilta, god sti.
025	ÅT 025	Kvernli – Vardenosi	Matetrasé	Fottur	Nei	Delvis	Nei	Svart	Frå Kvernli tek ein på godt tråkk oppover mot Vardenosi. Stien vart dårlegare over tregrensa med gode tråkk viser veg. Ikkje skilta eller merka.

026	ÅT 26	Kvernli – Berdalsvatnet	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Frå Kvernli er det godt tråkk vidare mot Berdalsvatnet. Det er ikkje merka eller skilta.
Seimsdalen									
027	SE 027	Seimsdalsstrondi	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Grøn	Stor tilrettelagt parkering ved stistart. Det er planlagt sanitærbygg på området som eit avbøtande tiltak for stenginga av utandørsbassenget på Årdalstangen.
028	SE 28	Seimsdalen «rundt»	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	Frå Seimsdalsstrondi eller ei anna startpunkt langs med vegen i Seimsdalen. Det er fleire variantar, men det er den lengste som er lagt

									inn på kartet. Det behøvast ein diskusjon på stien i enkelte parti etter tilbakemeldingar.
029	SE 29	Jamneåkre sykkelsti	Sykelsti	Sykket	Nei	Nei	Nei		Stien er lagt inn feil og skal fjernast frå kartet i handlingsdelen.
030	Se 30	Dalaåkre	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	Stien må endrast, da den ligger feil på kartet. Vil sannsynleg fjernast da dette berre er gjengrodd.
031	SE 31	Mordkadt	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Turen fjernast frå kartet etter tilbakemelding frå grunneigar. Det er ein tur som ikkje er å anbefale.
032	SE 32	Klettarunden	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Nei	Nei	Blå	Fleire variantar på denne turen med

									ulike moglegheite for parkeringsplass. Det er på plass ny bru i 2025. Turen er betre kjent som «Store Klettarunde»
033	SE 33	Leitet – Kletta	Forgreiningstra sé	Fottur	Ja	Ja	Nei		Sti som binder stinettet saman. Også omtalt som «lille klettarunde». Stien er god og synleg.
034	SE 34	Stølsveg, Seimsdalen	Forgreiningstra sé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Alternativ sti og eldre ferdselsåre. Er visstnok gjengrodd. Står til diskusjon om stien skal vere med vidare.
035	SE 35	Stølsveg, Kaldsete	Forgreiningstra sé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Alternativ sti og eldre ferdselsåre. Er visstnok gjengrodd. Står til diskusjon om

									stien skal vere med vidare.
036	SE 36	Strupane – Bøttejuv	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering skal skje på Toril, eller på ein av parkeringane nedafor strupesvingen. Skilta og merka hele vegen opp. God sti.
037	SE 37	Bøttejuv – Skorsfjellet	Forgreiningstrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Tråkk frå utsiktspunktet ved Bøttejuv mot Skorsfjellet. Det er fleire mindre synlege tråkk, men greitt å følgje. <i>Frå Torli parkering vil den direkte stien leggst inn på kartet som ender ved sti kryss Bøttejuv/Horgi/Nundalen.</i>

038	Se 38	Stidele mot Skorsfjellet	Forgreiningstrásé	Fottur					Det er skilta frá stien mot Bøttejuv til toppen av Skorsfjellet eit stykke før Bøttejuv. Det er ikkje merka og det er kun sporadiske tråkk i terrenget. Veldig lettgått terreng.
039	SE 039	Skor – Skaret	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Ja	Nei	Raud	Stistart frå Skor og vidare mot Skaret. Stien er noko utydeleg i starten, men blir betre oppover. Det er merka. Over tregrensa forsvinner stien. Stien ligger feil på kartet.
040	SE 040	Skaret – Skorsfjellet	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Sporadiske tråkk opp mot Skorsfjellet, og

									ikkje ei definert rute opp.
041	Se 040	Skaret – Gjerdenosi	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Svart	Sporadiske tråkk bortover mot Gjerdenosi. Gode tråkk i område kor det er flatt med lite ur, elles lite.
042	SE 042	Toril – Botnane	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Delvis	Nei	Blå	Det er god sti oppover lita mot tregrensa. Frå tregrensa er det varda enkelte plasser. Det er skilta ned til Kletta frå bandet mellom Trongenosi og Vedbakknosi.
043	SE 043	Horgi rundt	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Godt merka og skilta med god sti heile vegen. Det er derimot svært vått og myrete i

									enkelte parti. Kan vurderast tiltak mot dette.
044	SE 044	Hovden – Horgi (Horgi opp)	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Delvis	Nei	Blå	Avstikkar frå hovudstien rundt Horgi. Det er god synleg sti, delvis merka heile vegen.
045	SE 045	Sjursete – Hagestad	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	God sti vidare, men den er ikkje merka eller skilta.
046	SE 46	Hagestad – Nundalen	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Svart	God sti vidare, men den er ikkje merka eller skilta. Det er og uvisst om begge stiane på kartet (både den som er lagt inn og den som ikkje er lagt inn) framleis er synlege, og om begge skal vere med i planarbeidet.

047	SE 47	Feninga – Voss (Stølen)	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	Avstikkar mot stølen Voss. Det er svært vått i terrenget. Turmålet er også ein del av støls- og toppturtrimmen 2025-27. Stien vil sannsynleg bli noko betre.
048	SE 48	Voss – Skamdalen	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	Avstikkar fra stølen Voss. Det er svært vått i terrenget. Turmålet er også ein del av støls- og toppturtrimmen 2025-27. Stien vil sannsynleg bli noko betre.
049	SE 49	Feninga – Trongenosi eller Gruvefjellet frå sør	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	God sti under tregrensa, meir sporadisk over. Det er ikkje skilta i stikrysset

									mot Trongenosi eller Gruvefjellet.
050	SE 050	Gruvefjellet frå sør	Matetrasé	Fottur	Nei	Ja/delvis	Nei	Svart	Frå stikryssset er det merka eit godt stykke oppover. Siste parti mot toppen er godt varda. Stien er av varierende kvalitet. Stien er under diskusjon om den skal vere med vidare og om det skal gjerast tiltak, ref. villreinområde.
051	SE 051	Stikryss Trongenosi/Gruvefjellet – Trongenosi – Storevarden	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Sporadisk varda oppover nordsida av Trongenosi. Stien/tråkk er sporadisk synleg. Over toppen og varden er tråkket betre ned mot skiltet

									som viser ned mot Kletta.
Ofredalen									
052	OF 052	Slettedalen	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Det er mindre synleg tråkk gjennom dalen vestover. Det er godt varda stort sett heile vegen.
053	OF-53	Steindalsnosi	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Avstikkar frå Slettedalen mot toppunktet Steindalsnosi. Blir ikkje med i planen vidare.
054	OF 054	Vedabakkane	Forgreiningstra sé	Fottur	Ja	Delvis	Nei		Stien er ei eldre ferdselsåre som forbinder stinettverket saman.

055	OF 55	Indre Ofredal – Nystølen – Slettedalen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Nei	Nei	Blå	Parkering i Bordhaugsvingen på parkeringslomme. Bred traktorveg fyrste kilometerane mot Nystølen. Vidare god sti mot Slettedalen, alternativt mot 054 om Vedabakkane. Det er skiløype om vinteren.
056	OF 56	Slettedalen – Svartevatnet	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Godt tråkk og synleg sti stort sett opp til Svartevatnet. Det er ikkje skilta eller merka. <i>Ruta videre mot Ingebjørgfjellet var tidlegare med i planen, men er fjerna.</i>
057	OF 057	Bjørnholten rundtur	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering ved Aosehytta .

									Traktorveg fyrste stykket frå Aosehytta. God sti heile vegen. Godt skilta og merka.
058	OF 058	Bjørnholten – Kolabottsvotni	Forgreiningstrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei		Sti som binder stien om Bjørnholten til sti nr 063. Skilta og merka.
059	OF 059	Skrednosi	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	Frå Bjørnholten, sti vidare nordover mot Skrednosi. Stien er skilta og merka.
060	OF 060	Vedbakknosi	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Frå skrednosi og vidare mot Vedbakknosi er det ikkje merka eller skilta. Det er enkelte varder som viser veg.
061	OF 061	Vedbakknosi/skrednosi – Botnane	Forgreiningstrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Mindre synleg sti med få vardar. Binder stinettet saman (059/060-051/052)

062	OF 062	Vedbakknosi/skredn osi stikryss	Forgreiningstra sé	Fottur	Ja	Ja	Nei		Binder saman 060 og 063.
063	OF 063	Ofredalsvegen – Kolabottsvotni	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Alternativ trasé opp til Kolabottsvotni eller vidare mot Vedabakknosi. Skilta og merka
064	OF 064	Hagaskredjuvet – Utsikten	Matetrasé	Fottur	Nei	Delvis	Nei	Grøn	Synleg sti heile vegen ut til utsiktspunktet over Hagaskredjuvet. Det er ikkje skilta, delvis merka.
065	OF 065	Mastrehaugfjellet	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering i svingen før Aosehytta, evt på hovudparkeringa. Godt skilta og merka om Biskaholten. God sti heile vegen. Saman med rute nr 069 er dette ein rundtur.

066	OF 066	Mastrehaugfjellet	Matetrasé	Fottur	Ja	Nei	Nei		Avstikkar ut mot utsiktspunkt ved Mastrehaugfjellet.
067	OF 067	Paradisjuvet – Brennfjellet	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Godt skilta og merka. Deler av traséen delast med rute nr 072 skiløype om vinteren.
068	OF 068	Grillhytta ved Paradisjuvet	Matetrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei		Avstikkar til open hytta.
069	OF 069	Aosehytta – Saltskredjuvet – mot Mastrehaugfjellet eller Paradisjuvet.	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Deler av rundtur med utsiktspunkt mot Saltskredjuvet. Fleire variantar for ein rundtur i området.
070	OF 070	Ofredalsvegen – Storedokki	Forgreiningstrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	Parkering rett utanfor Ofredalstunnelen. Bratt i fleire parti. Skilta og merka, men merkinga er noko dårleg i enkelte parti. Ruta forbinder

									Seimsåsen saman med Seimsdalen.
071	OF 071	Seimsåsen Lysløype	Hovedtrasé	Skiløype	N/A	N/A	Ja	N/A	Lysløype på Seimsåsen
072	OF 072	Seimsåsen Utvida trasé skiløype	Hovedtrasé	Skiløype	N/A	N/A	Ja	N/A	Utvida trasé i forbindelse med lysløypa.
073	OF 073	Skiløype Brennfjellet	Hovedtrasé	Skiløype	N/A	N/A	Ja	N/A	Skiløype mot Brennfjellet
074	OF 074	Fornabu – Meinsete – Saltstienen – Soten	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	Parkering ved Fornabu langs med bilvegen på parkeringslomme. Det er fleire variantar for ein rundtur i området. Terrenget er lettgått og det er difor mange ulike stiar å velje mellom, spesielt ut mot Soten. Frå Soten kan

									ein gå vidare på rute nr 078.
075	OF 075	Fornabu – Saltsteinen – Ljoteli – Rosendal	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Same parkering som 074. Godt skilta og merka i området ut til stølen Rosendal. Det mange stiar i området.
076	OF 076	Rosendal – Ytre Ofredalen bru	Forgreiningstra sé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Frå Rosendal er det god sti som går nedover i retning Ytre Ofredal. Brua er i dårleg stand. Herfra er det mindre god sti/synleg tråkk oppover igjen mot Ljotelistølen (ruta er ikkje lagt inn). Ruta er oppe til diskusjon om å fjernast frå plankartet.

077	OF 077	Ytre Ofredalen	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Svart	Lite informasjon på dette innspelet. Oppe til diskusjon om denne skal vere med vidare.
078	OF 078	Soten	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Parkering langs med vegen på parkeringslomme ved Solstad. God sti men ikkje merka eller skilta. Det er gitt ønskje om at denne skal gjerast betre utan at det er lufta konkrete tiltak.
079	OF 079	Kleivafossen	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	Same parkering som 078. Det er god sti ut til fossen men ingen merking eller skilting.
080	OF 80	Fornabu – Soleiberg	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering ved Fornabu. Det er fleire

									variantar for ein rundtur i området i kombinasjon med 074 og 075. Det er merka og skilta med god sti ut til denne gamle stølen.
Fardalen									
081	FA-081	Hestedalstjønni	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	Parkering ved bommen ved tindevegen, evt på parkeringsstomme lengre ned. Sporadisk tråkk. Stien er fjerna frå plankartet.
082	Fa 082	Murane – Austabottsvatnet	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	Parkering ved Murane på stor p-plass eller på lomme litt lengre ned i vegen. Det er god sti innover dalen langs med elva. Elva kryssast over

									demningen. Vidare innover mot Gravdalsbandet er det meir ur og ingen sti. Ruta går difor kun inn til Austabottsvatnet.
083	FA 083	Murane – Stokksetdalen	Forgreiningstrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Ruta starter ved parkeringslomme ved Murane. God sti i fyrste del, men blir noko dårlegare etter kvart. Stien blir ein del av stien frå Stokksete 084.
084	FA 084	Stokksete – Stokksetbandet	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Nei	Nei	Blå	Parkering ved tindevegen på parkeringslomme. Det er traktorveg fyrste stykket før tydeleg og god sti oppover lia mot

									bandet. Ved parkeringa er det skilta mot Gruvefjellet. Det har vore diskusjonar på om dette skiltet skal flyttast. Frå tregrensa er det delvis tråkk og vardar innover fjellet.
085	FA 85	Fardalen – Gruvefjellet	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Svart	Tydeleg sti under tregrensa i bratt terreng. Dette er ei gammal ferdselsåre. Over tregrensa er det gamle vardar oppover mot Gruvefjellet.
086	FA 086	Fardalen – Hytta alternativ trasé	Forgreiningstrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Alternativ rute opp til Hytta som går vidare til Gruvefjellet. Stien skal vere god og

									mindre bratt enn 085 under tregrensa. Lite informasjon på dette innspelet.
087	FA 087	Skihytta i Fardalen – Åsetvatnet	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Delvis	Nei	Raud	Det er god og bratt sti frå skihytta i fardalen, og godt merka opp til stølen. Vidare på snaufjellet er det godt tråkk og vardar som viser vegen til vatnet. Frå vatnet og ned i Gravdalen er det lite tråkk.
088	FA 88	Fardalen – Åsete alternativ ferdselsåre	Forgreiningstrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Alternativ rute via eldre ferdselsåre opp til Åsete. Usikkert kor mykje denne er i bruk og tilstanden på ruta. Står til vurdering om den skal vere med vidare i planarbeidet.

089	FA 89	Botnen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering langs med vegen på parkeringslomme i Fardalen. Det er god sti som er skilta og merka oppover. I 2024/2025 har det gått eit ras over traséen. Det er ikkje noko problem å gå men det behøvast ei rydding over dette området.
090	FA 090	Holsete – LI – Osetestølen	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Raud	Parkering ved gamle skulen i Fardalen på parkeringsplass. Det arbeidast med å rehabilitere brua over elva. Inntil denne er på plass vil ikkje stien frå parkeringa eller oppover mot Li ryddast. Dette er i

									avtale med grunneigar som ikkje ønskjer trafikk over brua i nåverande tilstand. Stien vidare over til Voss er kun tråkk i enkelte parti og er ikkje med på kartet.
091	FA 091	Fardalen lysløype	Hovedtrasé	Skiløype	N/A	N/A	Ja		Lysløype, Fardalen
092	FA 092	Fardalen skiløype	Hovedtrasé	Skiløype	N/A	N/A	Ja		Skiløype oppover i fardalen.
093	FA 093	Stiar langs med Fardalselva og mellom svingane på tindevegen	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Blå	Fleire gode stiar i området mellom svingane på bilvegen oppover i Fardalen. Det er også god sti oppover langs med elva.
Øvre Årdal									

094	ØÅ 094	Skarpenor	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Grøn	Parkering ved Øvstestun på parkeringslomme. Det er god sti som er godt merka og skilta heile vegen. Stien går vidare på 095.
095	ØÅ 095	Blåberggruvene	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Fort. 094. God sti og godt merka og skilta.
096	ØÅ 096	Fardalen – Ramneberg	Forgreiningstra sé	Fottur	Nei	Ja	Nei		Bratt sti som er til dels litt rasutsett. Gult merka. Bør ha ei vurdering på vidare plan for denne stien.
097	ØÅ 097	Ramneberg	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering i sentrum. Godt merka og skilta.
098	ØÅ 098	Sprekisnosi	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Svart	Fort. På 097. Svært bratt i enkelte parti. God sti og merka oppover. Vidare mot Botnanosi er det få tråkk i terrenget.

099	ØÅ 099	Sentrum – Tindevegen (trenger eit betre namn)	Forgreiningstra sé	Fottur	Ja	Nei	Nei		Stinettverk frå sentrum, rundt kirkegården og opp til Tindevegen.
100	ØÅ 100	Børtnes – grandane – sentrum	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	Sentrumstur langs Årdalsvatnet og rundt Jotun stadion. Turen er universalt utforma.
101	ØÅ 101	Røtisvegen – 400 meteren	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Ja	Nei	Raud	Parkering ved Røtisvegen. Ruta følger den gamle vegen/stien oppover mot 400-meteren. Informasjonen på ruta på dobbelsjekkast og innteikna rute er noko usikker.
102	ØÅ 102	400 meteren – Parkering Røyrkata	Hovedtrasé	Sykkeltrasé/Fot tur	Nei	Nei	Nei		Populær sykkelrute i forbinding med 1000- meteren. Også populær fottur.

									Dette er også ein bilveg. God kvalitet på vegen. Til dels grus og asfalt.
103	ØÅ 103	Sentrum – Hydro rundt – Ytre Moa – Gapahuken	Hovedtrasé	Sykkeltrasé/Fottur	Nei	Nei	Nei	Oransje	Universal rute rundt Hydro frå sentrum.
104	ØÅ 104	Ytre Moa – Stinettverk	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	Parkering på ytre Moa eller på lomme ved trappene ved Ålmennhagen. Det er fleire moglegheita for rundturar i området.
105	ØÅ 105	Moakamben, Dagsturhytta	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Ja	Grøn	Parkering på Ytre Moa. Fleire variantar for ein rundtur. Det er hengt opp tau i enkelte parti. Vurderast å bytte ut

									mot kjetting eller vaier.
106	ØÅ 106	Lykkja – Moakamben	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Grøn	Parkering ved Storøyeni. Skilta frå hovedvegen. God sti heile vegen mot rute nr 105. Det er nye bruer i 2025.
107	ØÅ 107	Sunde – Moakamben	Forgreiningstra sé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Alternativ sti opp frå Sunde. Stien er tydeleg i terrenget og går enten direkte mot Ytre Moa eller rute nr 105.
108	ØÅ 108	Ytre Moa – stidele Fugleåsen/Åsen/Åse nosi – Kvile/Holsbru	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	God sti frå Ytre Moa mot fleire turmål. Det er skilta i stikrysset, og merka heile vegen.
109	ØÅ 109	Ytre Moa – Vetle trolltunga	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	God sti og alternativ rute for ein rundtur i

									området. Det er skilta til fleire eldre stadnamn.
110	ØÅ 110	Vetle Trolltunga	Matetrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Grøn	Avstikkar ut til Vetle Trolltunga. Stien vart rydda i 2024.
111	ØÅ 111	Vetle Trolltunga – Stidele 108	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	God sti og alternativ rute for ein rundtur i området. Det er skilta til fleire eldre stadnamn.
112	ØÅ 112	Stidele 108 – Kvile – Holsbru	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Godt skilta og merka sti frå stidele 108 mot Kvile. Stien går også vidare mot Holsbru. Det er skilta til Holsbru heilt frå Lykkja (106)
113	ØÅ 113	Gåvfoss	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei		Skilta men med eldre treskilt. Avstikkar til turmål.

114	ØÅ 114	Open post							Det er komet innspel om ei å foreta ein ny kartlegging av Moadalen pga nyskilting i 2025. Det vil difor sannsynleg leggst inn nye ruter her.
115	ØÅ 115	Stidele 108 – Fugleåsen – Åsen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	Skilta frå krysset mot Fugleåsen og Åsen. Bratt men god sti oppover. Det er hengt opp tau i enkelte parti.
116	ØÅ 116	Åsen – Åsenosi	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Ja	Nei	Svart	Godt merka til tregrensa. Herifrå mindre merka og diverse tråkk opp til varden. Frå varden går rute 117.

117	ØÅ 117	Åsenosi – Engjesetvatnet – Øyestølen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	Enten vidare frå Åsanosi eller parkering på Holsbru for stistart. Det er godt merka og skilta under tregrensa, meir vardar over tregrensa. Det er ny kryssing av elva i 2025.
118	ØÅ 118	Ålmenhagan – tronteigen traktorveg	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	Traktorveg langs med gangstien mellom Ålmenhagan og tronteigen, og rundt boligfeltet. Om sommaren er det mykje høgt gras. Kan vere krevjande å krysse elvene i periodar. Rasutsett spesielt om våren.

119	ØÅ 119	Øvre Bergastølen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Raud	God sti frå 118. Det er merka godt opp til ca 600 moh, delvis vidare. God sti heile vegen. Ruta skal ryddast og re-merkast i 2025.
120	ØÅ 120	Tronteigen traktorveg langs med Utlå	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	God traktorveg rundt boligfeltet.
121	ØÅ 121	Luggøyne – Svalheim	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei	Nei	Grøn	Grusveg som er universalt utforma. Stiane på Luggøyne på leggst inn etter innspel.
122	ØÅ 122	Storbrui – Ramsøyne – Skori	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja	Nei	Blå	Parkering ved brua. Skilta inn frå hovedvegen. Det er god sti heile vegen, godt rydda i 2025. Det er til dels rasutsett om våren.
Utladalen									

123	UT 123	Hjelle parkering – Vetti Gard	Hovedtrasé	Fottur/sykelsti	Ja	Ja	Ja	Blå	Parkering ved Hjelle parkering. Populær turiststi. Ruta er universal så fremt det ikkje er for mykje erosjonsskader på vegen.
124	UT 124	Avdalen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Grøn	Godt skilta frå grusvegen. Bratt men fin sti heile vegen.
125	UT 125	Hagaberg Natursti	Matetrasé	Fottur	Ja	Ja		Grøn	Natursti med fleire postar.
126	UT 126	Gravdalen, stølen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Raud	Godt skilta og merka. Det er skilta til stadnamn undervegs.
127	UT 127	Gravdalen – kryssingspunkt i Gravdalen	Forgreiningstra sé	Fottur	Nei	Nei			Frå stølen i Gravdalen og vidare innover dalen, mot rute 128. Brua er borte pga flom. Det

									må tas ein diskusjon på kryssingspunkt av elva.
128	UT 128	Gravdalen – Slufsedalen – Stølsmaradalen	Forgreiningstra sé	Fottur	Nei	Nei			Eldre ferdselsåre som binder saman Stølsmaradalen med Gravdalen. Det er i nokre parti gode tråkk, medan andre er det kun små vardar som viser veg.
129	UT 129	Hellerihelleren	Matetrasé	Fottur	Ja	Ja		Blå	Avstikkar frå grusvegen i Utladalen. Det er skilta og merka opp til dette turmålet.
130	UT 130	Avdalen – Stølsmaradalen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Svart	Godt merka og skilta sti.
131	UT 131	Vetti Gard – Brendeteigen – Stølsmaradalen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Svart	Nymerka i 2024 med ny hengebru. Det er bratt i fleire parti.

132	UT 132	Vettisfossen Nedre utsiktspunkt	Matetrasé	Fottur	Ja	Ja			Avstikkar til nedre utsiktspunkt over Vettisfossen. Stien vart rast ut tidlegare i 2025 men skal vere i orden.
133	UT 133	Heimre Hjelledalen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Nei		Blå	Parkering ved Hjellevparkering. Det er skilta men ikkje merka. God og tydeleg sti.
134	UT 134	Fremre Hjelledalen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Nei		Raud	Frå rute nr 133 er det god sti fram til Fremre Hjelledalen. Ikkje merka.
135	UT 135	Fremre Hjelledalen – Øytjørni – Vettismorki	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Nei		Svart	Frå Fremre Hjelledalen er det god sti fram til Øytjørni. Her er det skilta i ulike retningar før stien går vidare mot Vettismorki.

136	UT 136	Vetti Gard – Vettismorki	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Raud	Godt merka og skilta heile vegen. Det bør vurderast utskift av vaier på enkelte plasser.
137	UT 137	Vettisfossen – Vettismorki	Forgreiningstra sé	Fottur	Ja	Ja		Raud	Alternativ rute til Vettismorki via Vettisfossen. Svært god sti.
138	UT 138	Vettismorki – Under Friken – Skogadalsbøen	Forgreiningstra sé	Fottur	Ja	Nei			Alternativ rute under Friken mot Skogadalsbøen. God sti.
139	UT 139	Vettismorki – Friken – Skogadalsbøen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Svart	Skilta og merka rute frå Vettismorki mot Skogadalsbøen via Friken.
140	UT 140	Skogadalsbøen – Uradalsvatnet	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Raud	Godt skilta og merka rute. Ein del parti med ur. Skiløype om vinteren (rute nr 145).

									Skiltkryss ved Uradalsvatnet.
141	UT 141	Fleskedalen – Uradalsvatnet	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Raud	Godt skilta og merka rute. Det er ein del ur langs med Uradalsvatnet og stien er noko utydeleg. Skiltkryss ved Uradalsvanet.
Koldedalen									
142	KO 142	Koldedalen – Uradalsvatnet	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Blå	Parkering langs vegen i Koldedalen. Godt merka og skilta frå parkeringa. Stien ender ved skiltkryss ved Uradalsvatnet.
143	KØ 143	Falketind Normalvegen	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei		Svart	Det er komet inn innspel om å fjerne ruta frå Norgeskartet pga endringar i bre og ras.

144	KO 144	Falkebreen	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei		Raud	Det er god sti opp til Falkebreen. Ikkje merka eller skilta men det er godt varda heile vegen. Ruta er oppe til diskusjon om den skal vere med vidare etter innspel.
145	KO 145	Uradalsvatnet – Skogadalsbøen	Hovedtrasé	Stikka skiløype	N/A	N/A		N/A	Stikka skiløype frå Tyin til Skogadalsbøen.
146	KO 146	Kolddalen – Trollsjøen – Tyinosen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Raud	Stor parkering i Kolddalen ved stistart. Stien deler seg i to: 146 og 147. Godt merka og skilta rute mellom Kolddalen og Tyinosen. Det er komet innspel om nye bruer i området

									over enkelte elveparti.
147	KO 147	Kolddalen – Hjelledalen – Øystjørni	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Svart	Stor parkering i Kolddalen ved stistart. Stien deler seg i to: 146 og 147. Godt merka og skilta rute nedover Hjelledalen. Stien møter sti nr 135 og 159.
Tyin, Sletterust og Holsbru									
148	TY 148	Buvassnosi	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Delvis		Blå	Parkering ved stor parkeringsplass ved Tyinosen. Herfrå er det god sti oppover langs med elva. Det er ikkje skilta, delvis merka med store vardar. Siste del mot toppen er varda.

149	TY 149	Graveskarnosi	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei		Blå	Vidare frå sti nr 148. Delvis varda. Stien står til vurdering om den skal vere med vidare i planarbeidet.
150	TY 150	Torolmen sørsida	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei		Delvis oransje	Parkering på stor parkering ved fylkesvegen på austsida eller parkeringsplass ved hyttefeltet på vestsida. Det er universalt store deler av vegen, men på midten er det kun traktorveg og gjengrodd sti. Grunneigar har spelt inn om å få gjort om heile strekke universalt.

151	TY 151	FV53 – Damvoktaren	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei		Oransje	Frå fylkesvegen skilta mot tunelvegen eller frå parkering i hyttefeltet. Det er bilveg, men svært låg trafikk i området.
152	TY 152	Skrivardegge	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Delvis		Blå	Ein følger hovedstien mellom Sletterust og Filefjell som er merka. Siste meter mot Skrivardegge er ikkje merka eller skilta men sporadisk tråkk i terrenget.
153	TY 153	Svarteknipa	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Delvis		Blå	Parkering på stor parkering ved fylkesvegen. God merka sti mot Slettningsbru. Siste delen er ikkje merka, men sporadiske

									tråkk/vardar i terrenget.
154	TY 154	Slettningsbu	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Blå	Parkering på stor parkering langs med fylkesvegen. Det er godt merka og skilta med god sti heile vegen.
155	TY 155	Mannsbergvatnet	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Blå	Grusveg med varierende kvalitet. Det er merka sti mellom svingane. Dette er også bilveg.
156	Ty 156	Søre-Knipen	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei		Raud	Det er komet ulike innspel på at denne er merka og ikkje merka. Ruta er til diskusjon om den skal vere med vidare i planarbeidet.
157	TY 157	Vetle-knipen	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei		Blå	Frå parkering ved Mannsbergvatnet

									følgast merka sti nr 159. Vidare mot toppen er det tråkk i terrenget med enkelte varder.
158	TY 158	Nordre-knipen	Matetrasé	Fottur	Nei	Nei		Blå	Frå parkering ved Mannsbergvatnet følgast merka sti nr 159. Vidare mot toppen er det tråkk i terrenget med enkelte vardar.
159	TY 159	Mannsbergvatnet – Hjelledalen	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Raud	Godt skilta og merka sti mot Hjelledalen. Frå stikrysset mot Fremre Hjelledalen eller Øytjørni er stien mot Fremre nymerka i 2025. Stien mot Øytjørni er i dårleg stand og er vanskeleg å finne.

160	TY 160	Holsbru – Kvannetjørni	Hovedtrasé	Fottur	Ja	Ja		Blå	Parkering på stor parkeringsplass ved Holsbru. Det er god sti oppover som er merka og skilta.
161	TY 161	Kvannetjørni – Graveskarvatnet	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei		Raud	Vidare frå rute nr 160. Gode tråkk i starten før tråkka blir noko meir sporadiske. Står til vurdering om denne skal vere med vidare.
162	TY 162	Holsbru fiskesti	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei		Oransj e	Universal fiskesti langs med Holsbru og fylkesvegen. Parkering ved Holsbru. Det arbeidast med ei utbetring av erosjonsskadar etter høg vasstand.

163	TY163	Holsbrustølen fiskesti	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei		Grøn	Parkering ved hytter på Holsbru. Herfra langs med fylkesvegen før ein kryssar elva på bru. Noko ur og stor stein eit stykke før ein går på tråkk mot Holsbru. Stien forsvinner i enkelte parti, men er tydeleg langs med vatnet.
164	TY 164	Holsbru – Tunnelvegen	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Ja		Blå	Frå parkeringa på Holsbru følgast stien mellom hyttefeltet på merka sti. Stien har varierende kvalitet men er nyleg merka opp. Stien ender oppe ved grusvegen på tunnelvegen.

165	Ty 165	Tunnelvegen	Hovedtrasé	Fottur/Sykkeltu r	Ja	Nei		Svart	Parkering ved fylkesvegen eller på lengre inn mot veggen. Fint å sykle og gå. Erosjonsskadar før fyrste tunnel. Det er satt ut informasjonstavler undervegs.
166	TY 166	Kløvjavegen	Forgreiningstra sé	Fottur	Ja	Ja		Grøn	Alternativ sti langs med grusvegen ved tunnelvegen. Det er god sti som er godt merka. Stien delast i 2-3 parti.
167	TY 167	Biskopnosi	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei		Svart	Parkering ved tunnelvegen før ein følger denne til stistart. Det er varda godt i terrenget og tråkk i enkelte parti. Mot toppen er det eit

									synleg tråkk. Stien står til vurdering om den skal vere med vidare i planarbeidet.
168	TY 168	1000-meteren – Parkering røyrgata.	Hovedtrasé	Fottur/Sykkeltur	Nei	Nei		Blå	God sykkelsti frå 1000-meteren og vidare nedover mot parkeringa. Turen treffer rute nr 101 og 169.
Rausdalen									
169	RA 169	Rausdalen – Berdalsvatnet	Hovedtrasé	Fottur/sykkeltur	Nei	Nei		Svart	Frå parkeringa ved røyrgata kan ein følgje grusvegen innover Rausdalen mot Berdalsvatnet. Dette er ein veg som er open for motorisert ferdsel.
170	RA 170	Skogsvatnet	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei		Grøn	Parkering rett ved demninga i Rausdalen. Det er

									god sti heile vegen inn til vatnet.
171	RA 171	Viervatnet	Hovedtrasé	Fottur	Nei	Nei		Blå	Parkering langs med vegen i Rausdalen. Det er god sti heile vegen inn til vatnet.